

## Handlingsplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2024-2025

For å kunna søkja om spelemidlar står det i «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet» punkt 2.4.5: Anlegget skal være del av en vedtatt kommunal plan som omfatter idrett og fysisk aktivitet. Eidfjord kommune skal revidera Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, arbeidet vil starte opp i siste del av 2024 og planen er planlagt vedteken i 2025. Det er difor kun handlingsplanen som vert sendt til politisk behandling i 2024.

### Spelemiddelsøknadar og prioriteringar 2024-2025

Anlegg er prioritert ut frå fylgjande kriterier

1. Finansiering av frivillig lag /organisasjon
2. Når anlegga var/er ferdige
3. Tiltak som fører til aktivitetar som er av ålmenn interesse

Ein føresetnad ved innsending er at søknad om spelemidlar er fullstendig, med tilhøyrande dokumentasjon

### Ordinære anlegg

Prioritet	Namn på anlegget	Stad	Kostnad (i 1000)	Utbyggjar
1	Miniatyrskyttebane	Lægreid industriområde	2 653	Eidfjord skyttarlag
<b>Skildring av prosjektet:</b> Anlegget er ein miniatyrskyttebane 15 m for salonggevær 22LR. 5 Skiver med kulefanger og elektronisk anvisning på skjerm til kvar skyttar. I tillegg er det eige rom for garderobe/opphold og resultatservice. <b>Søknadsbeløp:</b> 855 000 <b>Status:</b> Ferdig 2024 <b>Første søknadsår:</b> 2024				
2	Styrketreningsrom idrettshall	Eidfjord idrettshall	-	Eidfjord kommune
<b>Skildring av prosjektet:</b> Styrketreningsrom/treningsrom er planlagt i tilknytning til Eidfjordhallen. Treningsrommet skal ha plass til treningsapparat til både innan styrke, kondisjon og anna. Treningsrommet skal knytast saman med grupperom/spinningrom som eit påbygg til Eidfjordhallen. <b>Søknadsbeløp:</b> - <b>Status:</b> Planlagt <b>Første søknadsår:</b> 2025				
3	Spinningrom idrettshall	Eidfjord idrettshall	-	Eidfjord kommune
<b>Skildring av prosjektet:</b> Spinningrom/gruppetreningsrom er planlagt i tilknytning til Eidfjordhallen. Rommet skal i hovudsak nyttast til spinning men det kan vera mogeleg å nytta rommet til gruppetrening om behov. Spinningsrommet skal knytast saman med styrketreningsrom som eit påbygg til Eidfjordhallen. <b>Søknadsbeløp:</b> - <b>Status:</b> Planlagt <b>Første søknadsår:</b> 2025				
4	Padeltennisbane	Eidfjord idrettshall	625	Eidfjord kommune
<b>Skildring av prosjektet:</b> Padeltennisbane er kome som vedtak i budsjettet og det vert arbeida med plassering. Padeltennisbane skal vera eit lavterskel tilbod til eigentrening der du ikkje er avhengig av å delta på eit lag eller i ei gruppe for å trenast eller avhengig av opningstider. <b>Søknadsbeløp:</b> - <b>Status:</b> Planlagt <b>Første søknadsår:</b> 2025				

## Nærmiljøanlegg

Prioritet	Namn på anlegget	Stad	Kostnad (i 1000)	Utbyggjar
	P			

## Innvilga søknadar

1	Dagsturhytta	Lægreidslia	1 574	Eidfjord kommune
<b>Skildring av prosjektet:</b> Dagsturhytta er eit lågterskeltilbod til turgåarar. Hytta er eit mål i seg sjølv der ein kan varma seg og eta matpakken. Hytta ligg om lag 150 meter over fjorden og har ei flott utsikt over bygda. Skulen har allerie etablert turområde med gapahuk i området og nyttar det aktivt. <b>Søknadsbeløp:</b> 525 000 <b>Innvilga beløp:</b> 525 000 <b>Status:</b> Ferdig 2023 <b>Fyrste søknadsår:</b> 2023				
2	Pumptrack	Eidfjord idrettsanlegg	826	Eidfjord kommune
<b>Skildring av prosjektet:</b> Pumptrack er kjøpt inn og vert montert på grusbanen ved skulen. Banen skal ha svingar og kular og kan nyttast til sykkel, sparkesykkel, rulleskøyter og rullebrett. Anlegget er aktuelt for aldersgruppa frå 3 år og oppover. Anlegget er plassert på flatt underlag og har ingen tersklar for å koma oppå, slik at den kan nyttast av fleire med ulike utfordringar. <b>Søknadsbeløp:</b> 300.000 <b>Innvilga beløp:</b> 300 000 <b>Status:</b> Ferdig 2024 <b>Fyrste søknadsår:</b> 2024				

## Framtidige anlegg og prosjekt

Komande anlegg og prosjekt som det er kome som innspel eller som er vidareført frå tidlegare plan

Namn på anlegget	Stad	Kostnad (i 1000)	Skildring av prosjektet
Ordinære anlegg			
Friidrettsanlegg	Idrettsanlegg	-	Dekke (kunststoff) rundløpsbane 400 m og hoppefelt
Lysanlegg løpebane	Idrettsanlegg	-	Ledljøs rundt løpebanen
Kunstgrassbane	Idrettsanlegg	-	Kunstgress med godkjendt dekke
Tursti rundløype Aokanbu <sup>1</sup>	Lægreidslia	-	Vidareføra stien frå Aokanbu og ned til eksisterande tursti over Hjellerud
Friplassen	Idrettsanlegg	-	40x60 meter rundbane for friidrett (høgdematte med stativ, grop med satsplanke for lengde og tresteg, tilløp spydkast, ring for kulestøt og sitteamfi)
Sti og løypenett	Sysendalen	-	
Garderobe og symjebasseng i Samfunnshuset	Idrettsanlegg	-	Oppgradering av eksisterande garderobe og symjebasseng
Nærmiljøanlegg			
Frisbeegolfbane	Lægreid	-	Anlegg for eigenaktivitet eller konkurranse. Normalt 9 eller 18 hol/korger. Ynskje om plassering i skogen ved grassbanen.
Sentrumsaktivitet	Sentrum	-	Aktivitetsanlegg i sentrum til bruk for fleire aldersgrupper

## Innspel i førre plan 2019-2022

Handlingsplan for idrett, fysisk aktivitet og filuftsliv vart rullert sist i 2019. I denne tabellen finn du tiltak/anlegg som ikkje er vidareført til handslingsplan for 2024-2025.

<b>Anlegg/aktivitet</b>	<b>Status</b>	<b>Merknad</b>
Aktivitetspark Lægreid skule	Ferdig	
Turkart	Ferdig	
Renovering ballbinge	Ferdig	
Lyssetting av tursti rundt Hereid	Ikkje vidareført	Utfordringar knytt til kulturminneomsyn og naturmangfaldet i elva
Toalettanlegg i Simadal	Ikkje vidareført	Behovet har endra seg
Nytt skitrekk/BMX i kombinasjon Maurseth	Ikkje vidareført	Ingen initiativ
Motorcross sommar/vinter	Ikkje vidareført	Ingen initiativ
Langrennsarena på Høl	Ikkje vidareført	Ingen initiativ
Ballbinge Hereid barnehage	Ikkje vidareført	Støykartlegging gjorde tiltaket ugjennomførbart